



OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Elevrådet ved Osterøy vidaregåande skule
Hatland
5282 LONEVÅG

Kopi til Berit Nyland, Hfk

Hordaland Fpu
v/ leiar Christoffer Thomsen

VEDR. SKULEDEBATTEN 2015

Me vil med dette gje ei tilbakemelding på representanten frå FpU sin oppførsel på skuledebatten ved Osterøy vidaregåande skule, onsdag 2.sepember 2015. Elevar i vg3 studiespesialiserande var sterkt involvert i planlegging og gjennomføringa av debatten. Skulen har valt å ha skuledebatt, fordi dette i utgangspunktet er ein god anledning for elevane til å få innsikt i synspunkta til dei ulike partia. I tillegg kan det motivere fleire elevar til å engasjera seg politisk. Me ynskjer å ha skuledebattar også i framtida, og har derfor valt å gje dykk ei tilbakemelding.

Me, elevrådet ved Osterøy vidaregåande skule, synest ikkje det er greitt at representanten frå FpU går til personangrep på elevar som har sagt seg villige til å vera med å ta ansvar for gjennomføringa av debatten. Dette vil me ta sterk avstand frå. I tillegg til dette var representanten for FpU med på å nytta uhøviske uttrykk i debatten. Me ynskjer ikkje å ha skuledebattar der det er rom for denne type ordveksling mellom representantane. Me ber om at de sender ein annan representant til neste skuledebatt.

Med vennleg helsing

Hanna Slettebakken
Hanna Slettebakken, elevrådsleiar

Sander J. Grønsdal
Sander J. Grønsdal, nestleiar i elevrådet

Synnøve Lid
Synnøve Lid, elevinspektør